



Generalforsamling i Velledalen i Balanse. Torsdag 17.april klokka 19.30 er tidspunktet du bør merke deg, og staden er Velledalen grendahus.

- Velledalen i Balanse er eigentleg grendalaget vårt, og vil gjerne ha med alle i arbeidet. Difor vil styret i ViB oppmode alle velledalingar om å møte på generalforsamlinga, også dei som ikkje er aksjonærar. Dette er eit viktig møte for dalen og folket som bur der, seier styreleiar i ViB, Petter Velle, til Dalen i Sentrum.

Orientering og drøfting. Ei generalforsamling inneheld sjølvstøtt saker som årsmelding, reknskap og val. Denne gongen er to av styremedlemene på val (Petter Velle og Atle Hole), men det vert meldt at valkomitéen har alt under kontroll, så ingen treng halde seg heime av frykt for eit verv. I tillegg skal desse - uhyre viktige sakene - opp til orientering og drøfting som punkt nummer 13 på saklista

- Drifta av butikken så langt i år.
- Oppvekstsenteret, skal vi bruke pengar på det...?
- Byggefeltet, orientering ved Norman Hole
- Nettsida, orientering ved Jarle Lade

Grundig innføring. Mange spør seg sikkert kvar ein kan lese meir om Velledalen i Balanse sitt arbeid siste året. Det kan ein gjere eksempelvis på nettsida [www. velledalen .net](http://www.velledalen.net). Her vil ein finne fullstendig sakliste, årsmelding og reknskap. Eller ein kan ta turen til Jokerbutikken (opningstid 10.00-18.00), der alle sakspapir til generalforsamlinga er å finne.

Byggjefeltorientering. Ei etter måten gamal sak, som gjeld utviding av byggjefelt, skal opp til drøfting. Det er no om lag åtte år sidan Hole Maskiner AS fekk avtale med kommunen om utviding av feltet i Tregardane. Styret i ViB, er av den formening at dei vil be Sykkylven kommune heve avtalen om det ikkje vert framdrift i planane denne våren. Difor ligg det eit snev av forventning over saka Norman Hole i Hole Maskiner skal orientere om under møtet.

Årsmøte. Hole grunneigarlag minner om årsmøte i Straumen Kro fredag 18. april klokka 19.30. Lette saker og blytung servering, vert det meldt derifrå.

Snart vårplanting. Holmbergs gartneri er no inne i ein hektisk periode. Helst skal alt vere klart til våren melder ankomsten sin (når no det måtte bli). Då vert det utvida opningstid 09.30 – 19.00 (laurdagar 16.00), melder Per GunnarHolmberg, som spår at det vil gjelde frå 28.april.

Kryss av. Siste sogekveld før ferien vert tysdag 29.april i grendahuset sin kjellarsal.

Konradløpet, no med den 7.utgåva, kjem på mange som julekvelden på kjerringa. Du lettar vår jobb som arrangør om du melder deg på i god tid. Litt om programmet:

- 30.april klokka 18.30 Minikonrad (1050meter) for årsklassene 1992-1997 (tidtaking)
- 30.april klokka 18.45 Minikonrad for årsklassene 1998-2008 (utan tidtaking)
- 1.mai klokka 05.00 Hovudløpet (4500meter)
- 1.mai frå klokka 05.45 GRATIS frukost til alle, film, premieutdeling m.m

- Påmelding (gjeld begge løp): Rolf Haxthow tlf. 952 95 076 – haxthow@online.no, Nils Terje Skylstad tlf. 70 25 06 44 – [nils.terje@c2i.net](mailto:nilsterje@c2i.net), eller Atle Hole tlf 70 25 07 49 – 917 43 761 – atlehole@online.no (følg Konradløpet på www.velledalen.net)

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.